

Landbruks- og matdepartementet  
Postboks 8007 Dep.  
0030 OSLO

---

|                         |                          |
|-------------------------|--------------------------|
| <b>Dato</b>             | 30.03.2022               |
| <b>Vår referanse</b>    | 2022/42875-1             |
| <b>Dykkar referanse</b> |                          |
| <b>Sakshandsamar</b>    | Kristin Arnestad         |
| <b>E-post</b>           | Kristin.Arnestad@vlfk.no |
| <b>Telefon</b>          | 90616843                 |

## Innspel til etableringa av Bionova

Vi viser til regjeringa sitt arbeid med å etablere Bionova, og invitasjon til å kome med innspel. Av tidsomsyn, og fordi fylkeskommunen ikkje er formell høyringspart sender Vestland fylkeskommune ein administrativ uttale.

### Innleiing

Vestland fylkeskommune ynskjer ein nasjonal landbrukspolitikk som legg til rette for auka matproduksjon basert på norske ressursar, gardane sine ressursar og auka verdiskaping i Norge. Verkemiddel må i større grad støtte opp om små og mellomstore bruk. Vi føreset at Bionova støtter opp om prioriteringar i den nasjonale landbrukspolitikken.

Vestland fylkeskommune meiner at hovudføremålet med etableringa: at Bionova skal vere eit verktøy for å bidra til klimatiltak i jordbruket, er viktig. Det er sentralt å sikre langsiktig og tilstrekkeleg finansiering ved etablering av eit nytt selskap/ordning, og det er sentralt at ordninga vert målretta og samordna godt med andre verkemiddel. Det er store moglegheiter innan bioøkonomi knytt til både jordbruk, skogbruk og havbruk, men med den avgrensa økonomiske ramma som er skissert så langt meiner vi at det er viktig at desse midlane fyrst og fremst skal vere med å sikre klimarobust matproduksjon i alle regionar i Noreg og tiltak direkte knytt til gardsbruka.

Det hadde vore ynskjeleg om det hadde blitt gitt høve til å uttale seg før etablering på bakgrunn av eit tydelegare diskusjonsnotat der etablerte ordningar var kartlagt, og tydlegare formuleringar knytt til innretning og målgrupper var drøfta.

### Klima og miljø som premiss for samfunnsutviklinga

Klimautfordringane er globale, medan tiltak er lokale. FN sitt klimapanel sin siste hovudrapport (del 1 og del 2 er publisert til no) gjer det tydeleg at klimaendringane råkar alle regionar i verda, og dersom vi ikkje handlar med å gjennomføre «*umiddelbare, raske, omfattande og vedvarande*» utsleppskutt no, så vil dette påverke livsgrunnlaget vårt og planeten sin tilstand. Det er eit alvorleg bakteppe knytt til klimautfordringane og kva som vil skje om vi ikkje set i verk tiltak.

Vestland fylkeskommune har sett seg ambisiøse klimamål; vi skal legge klima og miljø som premiss for samfunnsutviklinga. Der skal vi mellom anna vere pådrivarar for klimaomstilling og netto nullutslepp innan 2030. Matproduksjon vil medføre utslepp av klimagassar, men dei fossile utsleppa kan samstundes fjernast og vi kan produsere mat med reduserte klimagassutslepp per produserte eining. I Berekraftig verdiskaping - Regional plan for innovasjon og næringsutvikling 2021-2033 følgjer vi klimamåla sett i regional planstrategi, og vi har også løfta fram i handlingsprogrammet for 2022-2025 at å sikre det biologiske mangfaldet og ta vare på matjorda er eit av dei kritiske oppdraga for å nå måla vi har sett oss. Å bidra til grøn omstilling i matproduksjonen gjennom innovasjon knytt til teknologi og innsatsfaktorar er ein prioritert strategi i handlingsprogrammet.

Lokal og berekraftig matproduksjon og sjølvforsyning er viktig i eit beredskapsperspektiv, samt for å løyse globale klimautfordringar. Vestland fylkeskommune utarbeidar ein regional plan for klima no, der vi mellom anna ser på klimavenlege landbruk som eit viktig tema. Matproduksjon basert på lokale ressursar vert løfta fram som viktig. Landbruksnæringa sin klimaavtale med regjeringa og landbruket sin eigen klimaplan vert her viktig for kva innsats vi treng i åra som kjem.

### **Økonomiske rammer og kjerneoppgåver**

Det er behov for å spisse innretninga på fondet. Dette er særleg viktig fordi midlane er avgrensa, og tema og målgrupper per no synest noko vide. Hovudinnretninga bør vere tydlegare på å sikre lokal og berekraftig matproduksjon, og å oppfylle staten og landbruket sin avtale om kutt av klimagassutslepp. Andre tiltak knytt til utvikling av bioøkonomien er sjølv sagt også viktig, men då må det tilførast meir midlar og spesifiserast ulike ordningar.

Finansieringa av Bionova bør aukast, og midlane må kome utanom jordbruksavtalen slik at det ikkje går utover andre verkemiddel og landbruket si inntektsutvikling.

### **Organisering og lokalisering**

Slik Bionova no er beskrevet er det relativt lite midlar, og noko uklare målgrupper og satsingsområde. Mykje av det som er omtala går inn i, eller grensar til det som i dag er Innovasjon Norge sine oppgåver. Det er difor naturleg å legge forvaltninga av Bionova til Innovasjon Norge for best mogleg bruk av ressursar samla sett. Innretning og mål for ordninga under Bionova bør sjåast tydeleg i samanheng med andre ordningar, og etablering av eit eige selskap vil krevje mykje ekstra ressursar knytt til samordning med Innovasjon Norge.

Dersom Bionova likevel ikkje vert lagt til Innovasjon Norge har vi gode miljø i Vestland både innan klima, landbruk, og i andre næringar og verdikjeder innan bioøkonomien som gjer Vestland til ein eigna lokasjon for Bionova. Vi har også eit breitt partnerskap i fylket som har sett ambisiøse mål knytt til null utslepp og legg biologisk mangfald, ta i vare matjord og grøn omstilling i landbruksnæringa som premisser for vidare utvikling.

### **Innspel til tema og innretning**

#### Prioritere ei klimavenleg utvikling av landbruksnæringa

Bionova må vere ei finansieringsordning som bidreg til ei klimavenleg utviklinga av landbruksnæringa, der dei får støtte til å sikre ei klimarobust utvikling. Ei klimarobust utvikling inkluderer utsleppsreduksjon og tilpassing til eit klima i endring. For å lukkast med dette er det fundamentalt å bevare økosystem (IPCC) og naturmangfaldet i regionen. Finansieringsordninga bør prioritere prosjekt som stimulerer til auka karbonlagring i jord og skog, og løysingar for å redusere utslepp frå biologiske prosessar. Bionova må stimulere til eit grønt taktskifte og redusere risikoen og kostnaden ved å legge om til meir klimavenlege alternativ.

#### Ressursane i avfallet

Innovasjon Norge har etablerte stønadsordningar på å nytte biologiske ressursar frå natur og landbruk til energi gjennom «Verdiskapingsprogrammet for fornybar energi og teknologi i landbruket». Innovasjon Norge sit tett på landbruket gjennom fleire ordningar og har gode føresetnader for å utvikle dette arbeidet vidare. Sirkulære prinsipp må leggjast til grunn for å redusere bruk av innsatsfaktorar og skape mindre avfall og utslepp.

#### Ny teknologi og innsatsfaktorar basert på norske råvarer

Det bør stimulerast til ytterlegare teknologisk utvikling av landbruksnæringa. Dette er viktig både for å styrke konkurransekrafta til norsk landbruk, auke sjølvforsyninga og legge grunnlag for ei klimavenleg utvikling av næringa. Ny teknologi og innovasjonar kan bidra til å redusere utslepp og erstatte importerte innsatsfaktorar i til dømes fôr og gjødsel. På dette område er det potensiale for å stimulere nye verdikjeder og auka kunnskapsoverføring mellom landbruksnæringa og havbruksnæringa.

#### Målgrupper og utforming av ordning

Utsleppa i landbruket skjer på gardsnivå, og tiltaka må difor vere retta direkte mot bonden. Nye ordningar må supplere og utfylle eksisterande ordningar. Det må utformast ei enkel og tydeleg ordning som opnar for at små og store bruk kan søkje og ha forhåpning om å få tildelt midlar. Det er

avgjerande at også mindre bruk har moglegheit til å søkje, og å nå opp i tildeling av midlar. Eit tilskot kan for dei mindre bruka vere avgjerande for å kunne ta dei naudsynte investeringane for ei lønsam og klimavenleg drift av garden.

Med helsing

**Bård Sandal**

avdelingsdirektør

Innovasjon og næringsutvikling

**Endre Høgalmen**

seksjonssjef

Naturressursar, landbruk og reiseliv

*Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift*